



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Sørviskontoret

Fylkestinget sine medlemar

Vår ref.
10/2887- /KRAM

Dykkar ref.

Dato:
14.04.2010

Ja til Ørskog vidaregåande skule

Ungdommens kommunestyre i Ørskog, Ungdomsrådet i Stordal kommune og Ungdomsrådet i Norddal kommune seier klart nei til nedlegging av Ørskog vidaregåande skule.

Ungdomsrepresentantane i dei 3 kommunane meiner det er svært viktig at tilbodet om vidaregåande opplæring som i dag vert gitt ved Ørskog vidaregåande skule innafor restaurant og matfag, og helse og sosial, fortsatt skal vere lokalisert i Ørskog.

Det er høgt nivå på mange av dei elevane som går utav skulen, og dei er ettertrakta på arbeidsmarknaden.

Skulen har fostra OL- mestrar i kokkekunst, og mange andre kjende kokkar.

Ørskogbygderane er stolte av skulen, og det har dei vore i alle år. Skulen er ein stor og viktig arbeidsplass.

Skulen har hatt god søkning i alle år, men det er kanskje ikkje så rart at søknadstala synk i år når det vert skrive så mykje negativt om skulen.

Vi stiller spørsmål om det er slik at det er kun dei store skulane som er gode?
Vi veit at der er mange som ikkje vil til Borgund vgs fordi skulen er for stor og upersonleg.

Kvifor er det mykje vanskelegare for dei i byane å reise ut til bygdene, enn omvendt?
Avstanden er like lang.

Det er store fordelar med internat for dei som kjem langvegs frå, eller treng å øve seg på å bu vekke. Ikkje alle er klar for hybellivet i Ålesund som 16-åring.

Verdiane som vi har i bygdene bør nyttast til samarbeid mellom kommunane, dei skal ikkje berre trekkast fram i festtalar.

Sats på skulen i Ørskog, vi vil ikkje vere med på at alt skal flyttast til Ålesund.

Med helsing

Ungdommens kommunestyre i Ørskog v/leiar Joakim Reite
Ungdomsrådet i Stordal v/leiar Ida Moltu Staurset
Ungdomsrådet i Norddal v/leiar Astrid Nerhus Dale

Kopi til:

Ordfører Bjørn Inge Ruset
Ordfører Charles Tøsse
Ordfører Thorbjørn Fylling

6210 VALLDAL
6250 STORDAL
6240 ØRSKOG